

- Kultur mål
- Kulturstrategiar

# 7 Kultur

Hordaland er eit sterkt kulturfylke med stort mangfald. Kultur, som også femner om idrett, handlar om kreativitet, skaparkraft og kunnskap. Kulturlivet representerer eit potensial for nyskaping og innovasjon, til glede for næringslivet, kompetansesektoren og enkeltmennesket.

Offentleg kulturpolitikk må medverka til å sikra mangfaldet ut frå ideen om kulturell eigenverdi. Det er eit mål å gjera utviklinga av kunst- og kulturfeltet til ein integrert del av samfunnsutviklinga gjennom satsing på kultur, næring og verdiskaping. Fylkeskommunen må leggja til rette for vekst for det profesjonelle kulturlivet og institusjonane. Eigenarten og kompetansen deira må styrkjast, og ein må fremja samarbeid og fellesløysingar. Alle innbyggjarane i fylket må få høve til å nytta kulturtilbodet.

Det er viktig å vera medviten den avgjerande tydinga frivillig verksemd har for kultursektoren. Frivillig innsats utgjer basisen i kulturlivet, og her får dei fleste sine første røymsler og møte med kulturaktivitetar, både som skaparar, tilretteleggjarar og mottakarar.

Dei fysiske møtestadene for kultur er fleire stader dårleg utvikla, noko som stengjer ute kulturuttrykk og gjev manglande tilbod. Ein må arbeida vidare med å etablera og ruste opp konsertsalar med tilfredsstillande akustikk og storleik, teaterscener og visningsstader for

kunst. Idretten må få utvikla seg i høve til behovet for nye bygg og anlegg. Organisert idrett og fysisk aktivitet generelt er ein viktig del av det førebyggjande helsearbeidet.

Det er uheldig at feltet er prega av sterke statlege føringar og oppsplitta tilskotsordningar. Kulturpolitiske verkemiddel må samordnast på regionalt nivå.


Bibliotek, arkiv og museum har ei viktig rolle som kjelde til kompetanse og utvikling. Kulturminne og historiske verdiar som er synlege i landskapet skapar grunnlag for interesse og omsyn for miljø og omgjevnader. Kultur- og næringsaktørane må ha kompetanse for å utvikle kulturprodukta og kultur som attraksjon. Det er difor viktig å skape eit godt samarbeid mellom kompetanseaktørar, forskings- og utdanningsinstitusjonar og kulturbasert næringsliv.

Biblioteka i kommunane er eit ope, gratis tilbod som i tillegg til å ha oppgåver i samband med formidling av bøker, film og musikk, også fungerer som ein kulturarena og møteplass for innbyggjarane. Samordning av bibliotek, museum og arkivtjenste er difor ein viktig strategi.

Kystkulturen er eit nasjonalt satsingsområde, og Hordaland skal ha auka merksemd på kulturhistoriske kvalitetar i kystsona. Kulturminne langs kysten gjev grunnlag for verdi-

José Gonzalez, Nattjazzen.

Foto: Micke Grönberg/SR



skaping, og Den indre farleia er eit døme på interkommunalt samarbeid som fylkeskommunen vil støtta.

Kulturlivet i Hordaland er basert på eit samspel mellom store og små institusjonar og frivillige krefter. Den frivillige innsatsen er sentral for drift av kulturinstitusjonar og kulturell nyskaping.

Det er ei utfordring å stimulera til grasrot-aktivitet og desentralisert kulturverksemd og å leggja til rette for kulturelt mangfald og kulturelle aktivitetar for alle grupper. Verdifulle regionale kulturuttrykk må sikrast og få rom for vidareutvikling.

#### **Visjon for kulturpolitikken**

*Hordaland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv som er forankra i regionale særtrekk og ope for nye impulsar. Alle skal kunne ta del i og oppleve tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar*

#### **Kulturmål**

- Kunstnarleg og kulturell aktivitet skal vera eit fundament for busetnad, næringsutvikling og livskvalitet i Hordaland
- Hordaland skal vera eit leiande fylke for kultur- og idrettsbasert næring
- Offentlege og frivillige organisasjonar og institusjonar skal vera sterke og offensive
- Veldrivne kultur- og idrettsbygg, -anlegg og -møtestader skal fremja aktivitet på tvers av generasjonar og kulturskilje
- Gje innbyggjarane i fylket tilgang til dei beste arkiv-, bibliotek- og museums-tenestene
- Kulturarven skal takast vare på, og kunnskap om den skal formidlast, ved å styrkja arbeidet med arkiv, bibliotek, museum, kulturminne og kulturmiljø

- Det skal vera attraktivt for kunstnarar og kreativ verksemd å etablera seg i Hordaland
- Kunst- og kulturformidlinga skal vera aktiv og variert med prioritering av born og unge
- Musikkindustrien i regionen skal bli så sterk at alle ledd kan ivareta her
- Kompetanseheving, synleggjering og styrking av kulturnæringa

#### **Kulturstrategiar**

- Stimulera til kulturell nyskaping
- Sikra statlege overføringar til kulturbygg og anlegg
- Satsamålretta på internasjonal samhandling med basis i eit aktivt regionalt samarbeid
- Styrkja kulturarbeidet gjennom Vestlands-samarbeidet
- Etablera og styrkja nettverk og infrastruktur med kommunane og kulturaktørane
- Kulturlivet skal vera partner i utvikling av tiltak i andre samfunnssektorar
- Leggja til rette for kultur- og idrettsbasert næringsutvikling
- Skapa lågterskeltilbod for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kunstnarstipend
- Auka vekt på forvaltning, forskning og kunnskapsutvikling i arbeidet med kulturarven
- Aktivisere alle krefter/aktørar innan kulturarbeid og kompetanseutvikling i eit samspel mellom likeverdige partar
- Utvikla tiltak som medverkar til fleirkulturelt fellesskap og dialog mellom generasjonar.

#### **Spelemidler til Hordaland 2004:**

61 mill. kr til anlegg for idrett og friluftsliv 3,5 mill. kr til kulturbygg, av det 1 mill til kystkultur

#### **Museum**

Hordaland er Noregs tyngste museumsfylke med 100 offentlege og private museum og samlingar. Fylkeskommunen har økonomisk ansvar for 25 museum.

Etter museumsreforma vert det arbeidd med etablering av 10 konsoliderte museum.

